

Info om fylkesleiren i Straumsnes

Fylkesleiren nærmar seg med stormskritt. Leirkomiteen har jobba og lagt til rette for at alt skal gå på skinner desse dagane. Her kjem den siste informasjonen til dykk som er påmeldte.

Leirsjef:

Årets leirsjef er Olav Tomasson Eikrem. Han er leiar i Grimstadhøgda 4H.


Om de har spørsmål som de ikkje finn svar på i denne e-posten eller i invitasjonen, ta kontakt med 4H kontoret (96096783), Ragnhild (tlf. 47640341 ragnhild.bjorkedal@4h.no) tilsett ansvarleg for leiren eller leirkoordinator Borgny (tlf. 90791926 borgny@hatlestad.no).

Betaling:

I år som i fjor vil vi krevje at alle deltakarar på fylkesleiren har betalt deltakaravgifta i forkant av leiren. Dei som ikkje har betalt innan 3 dagar før(20.juni) (må enten ha med kvittering på betalt faktura ELLER må betale kontant «i døra»). **Medlemskontingenten må og vere betalt, dette er kjempeviktig med tanke på at forsikringa skal ver i orden.**

Ei lita presisering, påmeldinga til leiren er bindande, så om nokon vel å melde seg av etter at påmeldingsfristen er gått ut – må leirkontingenten betalast likevel. Dette fordi vi etter den datoen bestilte mat og aktivitetar.

Dei som har bestilt leirmerker, og har betalt desse på fakturaen, får dei utdelt på leirkontoret.



Leiren er i Straumsnes ved Nordmørshallen

Bruker du GPS, er adressa Straumsnesvegen 353.

[For vegskildring, sjå her:](#)

Med utgangspunkt i Krifast i Gjemnes kommune. Kommer du over Gjemnessundbrua, E39, eller gjennom Krifasttunnellen frå Kristiansund, tar du av mot Sunndalsøra i rundkjøringen. Kjør 13,1 km til du kommer til Øydegardskrysset. Sving til venstre i retning Trondheim og fortsett på E39, kjør 3,6 km til du har Straumsnes skole på venstre side og Nordmørshallen på høyre side. Ta av til høyre, der finner du leirområdet ved Idretts og skytterhuset, Leite og Nordmørshallen.

Kjem du frå Sunndalsøra/Tingvoll tar du av til høgre i Øydegardskrysset og følgjer vegen i retning Kanestraum/Trondheim 3,6 km til du kjem til leirområdet som beskreve ovanfor.

Kjem du frå Halså(Heim kommune, føl du E39 i 5,2 km frå du køyrer av ferga på Kanestraum til du kjem fram til leirområdet.

Tema – BYGDA:

På laurdagskvelden har vi bygdafest! Leit i skapet og bruk fantasien.

Vi oppfordrar alle til å kle seg ut, store og små. Dersom nokon vil bidra med underholdning, kan ein gi beskjed om dette under leiarsamling fredagskvelden.

Det blir også kåringar av kostymer i div. kategoriar, og sjølvsagt premiering.

Vi oppfordrar til at de tenker same tema når de planlegg tuna.



Tun

Lista over korleis tuna er satt opp finn de seinare i dette dokumentet. Det skal vere ro i teltleiren kl. 24.00. Dei som vil sove må få lov til det. Les «leirreglar».

Mat

Tørrmaten (frukost, lunsj og evt kvelds) må de ordne med sjølve. Det er lurt at klubben ordnar det slik at de har felles mat og felles eting. Alle får utdelt mjølk, juice og yoghurt til tørrmåltida. Det er ikkje tillatt med stormkjøkken eller bål i leirområdet, men vi vil legge til rette så de får tilgang til varmt vatn. Det er ikkje kjølekapasitet i leiren, men vi stiller med fryser til fryseelement.

Middagen får vi ferdig tillaga. Alle må ha med kjørelid: eige bestikk, fat, skål og kopp/glas. Leirkomiteen har eit fokus på å ha ein så grønn leir som mogleg og vil derfor legge til rette for bruk av fleirgangs kjørelid. Vil derfor oppfordre alle deltakarane nytte fleirgangs bestikk, fat, skål og kopp/glas. Det er mogleg å hente varmt vatn for å vaske bestikk, fat med meir. Klubben må sjølv ha med såpe, oppvaskkost og noko å vaske opp i. Om det ender opp med å bruke eingongs, så unngå dei dårlegaste papptallerkane – det kan og vere lurt å ha noko som er fast og stødig under tallerkenen.

Der er mogleg å sette seg ned i leirområdet for å inn ta dei ulike måltida, med tribune og meir i området. Om veret skulle blir skikkeleg gale har vi moglegheit til å trekke innandørs for å ete.

Lading av elektronikk

Det vil bli mogleg å lade mobiltelefonar og liknande trygt og sikkert på leirkontoret mot betaling, ein rimleg pris. Kom, betal, lever mobiltelefon & ladar og kom tilbake å hent når den er full lada. Noter deg opningstidene til leirkontoret.

Pakkeliste - det er lurt å samordne dette med resten av klubben:

- **Alle må ha med innesko!** Delar av programmet for helga vil skje inn i hall.
- Telt, sovepose og liggeunderlag. Teltleiren er på ei grasbane.
- Regnkle, godt fottøy og støvlar
- Lettare kle
- Varme kle
- Badetøy
- Toalettsaker
- Tørrmat – lurt å samarbeide med dei andre i teltet eller klubben
- Tallerken og bestikk til middagen
- Matboks og drikkeflaske til lunsj
- Enkelt førstehjelpsutstyr
- Solkrem og myggmiddel
- Lader til mobil eller liknande
- Liten sekk til å ha verdisaker og andre viktige ting i når du er ute i leirområdet eller på aktivitet. Du har sjølv ansvaret for verdisakene dine. Tenk over kva du har med.
- Lomme pengar til bruk i kiosken, og miljøtorget. Kiosken har og vipps.

Program:

Sjå programmet for leiren litt seinare i dette skrivet. Oppmøte frå kl. 15.00 fredag. Middag blir servert om lag kl. 19.00.

Deltakarlistar og aktivitetar:

Liste over antall påmeldte frå dei ulike klubbane.
Ta med det du treng til din aktivitet:

- Volleyball: Treningskle og gode innesko
- Dans: Ha med innesko eller dans utan sko
- Båt og kystkultur: Ha med redningsvest
- Kajakk: Vannsikker pose til mobil, kamera, mm.

Konkurransar/premiering av:

- Tun
- Kostyme
- Volleyballturnering
- Tautrekking
- Natursti
- Morgonfugl (trekning kvar morgon)

Miljøtorg:

MORAL 4H, alumnklubben i fylket, stiller tradisjonen tru med Miljøtorg. Det opnar kvar kveld etter at kveldsprogrammet er ferdig og stenger kl. 01.00 på fredag og kl. 03.00 på laurdag. Det skal vere ro i telteiren kl. 24.00. Da er også besøkstida for aspirantar i miljøtorget over. (Aspirantar er dei som er fødd i 2010 eller seinare).

Kiosk:

I kiosken får de kjøpe det de treng av ”snop” og frukt. Kaffi blir det også mulig å få kjøpt i kiosken, der får de og fylt opp kannar om de ønskjer det. Kiosken har **vipps og kontant**.

Volleyballturnering og tautrekking:

Volleyball

- Det blir 2 klasser som før: Ei for aspirantar og ei for junior/senior.
- Turneringa blir inne i hallen ta derfor med **innesko**.

På volleyballturneringa skal det vere 6 stk på kvart lag, det er lov å ha med innbytarar. Det går an å mikse lag mellom fleire klubbar dersom klubben sjølv ikkje har nok spelarar til å danne eit lag. Den miksinga må de ordne sjølv – har de ikkje fullt lag så ta kontakt med dei andre i tunet. Samansette lag skal ha eige namn.

Tautrekking

- Laget sine deltakarar skal til saman ha en alder på maks 120 år.
(Dvs. f eks 10 stk. på 12 år eller 2 stk. på 60 år)
Alderen som teller er den alderen du fyller i år.

Påmeldinga av lag skal skje seinast fredag **kl. 23.00**. Det skal meldast på berre heile lag, med fullt namn og alder deltakarar. **Skjema får de på leirkontoret.**

Då gjenstår det berre å ønske dykk hjarteleg velkomne!

Vedlagt finn de:

- Sponsorside
- Program
- Leirreglane
- Tun inndeling

Saman på laget har Grimstadhøgda 4H mange sponsorar:

Tingvollst

SpareBank **1**
NORDMØRE

BUNNPRIS

Matkroken
KVISVIK

RETURA⁹¹
Ditt lokale avfallsselskap MIDT

NEAS



Gjensidige
Surnadal - Heim - Tingvoll



Nortura
bondens selskap



Landkreditt

PROGRAM

Fredag 24. juni

- Frå 15.00 Frammøte og leirbygging
- 19.00 Servering av varmt måltid
- 20.30 Opning
- 21.00 Bli-kjent i hallen
- 22.00 Leiarsamling
- 22.00 Miljøtorget opnar
- 24.00 Ro i leiren-aspirantane finn soveposen, fødd i 2010
- 01.00 Miljøtorget stenger

Laurdag 25. juni

- 08.00 Vekking & frukost
- 09.00 Morgonsamling. Flaggheising. Premiering av dagens morgonfugl.
- 15.30 Aktivitetsdag
- Lunsjpause når det passar
- 16.00 Middag
- Samling for Landsleir deltakarane i Miljøtorget
- 17.00 Volleyballkampane startar. Andre aktivitetar for dei som ikkje spelar.
- 19.00 Kveldsmat
- 20.00 Underhalding
- 22.00 Leiarsamling
- 22.00 Miljøtorget opnar
- 24.00 Ro i leiren-aspirantane finn soveposen, fødd i 2010
- 03.00 Miljøtorget stenger


Søndag 26. juni

- 08.00 Vekking & frukost
- 09.00 Morgonsamling. Flaggheising. Premiering av dagens morgonfugl.
- 09.30 Volleyball og tautrekking
- 12.00 Rydding
- 13.00 Premieutdeling & avslutning
- 13.30 Middag – Vel heim!


LEIRREGLAR 2022

For at alle skal få ein triveleg leir ber vi deg om å bruke sunn fornuft, ta vare på alle rundt deg, oppføre deg fint og følgje leirreglane.

Leirreglane gjelder alle 4H-arar, 4H-alumnar, leir-leiarar og andre som oppheld seg i leiområdet.



- Møt presis til måltider og arrangement.
- Gjer deg kjent med programmet, og følg det.
- Alle skal gå med leirkort og/eller armband heile leiren.
- For å kunne bade må du få lov av din leiar, og ein svømmedyktig leiar må vere med.



- Etter rosignalet skal det vere ro i teltleiren.
- Hold orden i leiområdet og bruk søplestasjonane med søppelsortering.
- Ikkje inviter uvedkommande inn i leiren.
- Gå ikkje ut av leiområdet utan å ha avtalt det med leiaren din.



- Ta omsyn og respekter kvarandre
- Gi melding til leiaren din om du blir sjuk eller skada.
- Seksuelt krenkande åtferd blir ikkje tolerert. Dette kan vere uønskt fysisk kontakt, sårande eller "grisete" kommentarar, bilder eller liknande. Respekter andre sine grenser.



- All bruk av open flamme og grilling er forbode på leirplassen.
- La brannsløkkingsutstyr og anna leirutstyr vere i fred.
- Fylkesleiren ønsker å vere eit røykfritt arrangement. Er du over 18 år og må røyke, skjer dette kunn på tilvist område.
- Alkohol og rus er forbodet, og fører til umiddelbar heimsending for egen rekning. Energidrikkar er heller ikkje tillatt på området.

Grove brott på leirreglane medfører heimsending for egen rekning. Bestemminga om heimsending tas av Leirkomiteen.

Vis du har nokon klager, vennlegast fortel dette til leirkontoret eller leiaren din.

TUNINDELING

TUN 1	Grimstadhøgda 4H Skåla 4H Vågbø 4H
TUN 2	Fjellrosa 4H Kråkefot 4H Liljen 4H Regnbuen 4H
TUN 3	Elvablikk 4H Fjellflora 4H Freidig 4H Hustavika 4H Lynet 4H Tareholmen 4H Vårsol 4H
TUN 4	Fossekallen 4H Lauparen 4H Moral 4H Ruggå 4H Straumen 4H Vårsøg 4H
TUN 5	Klurtolla 4H Myrvåg 4H Ørn 4H